



NOREGS HØGSTERETT

Den 28. november 2022 vart det med heimel i tvistelova § 19-2 andre ledd av dommar Høgetveit Berg i

HR-2022-2283-F, (sak nr. 22-134375SIV-HRET), sivil sak, anke over dom:

Sia North Star Ltd

(advokat Mads Andenæs – til prøve
advokat Hallvard Østgård)
(Rettsleg medhjelpar:
advokat Brynjar Østgård)

mot

Staten v/Nærings- og fiskeridepartementet

(Regjeringsadvokaten
v/advokat Fredrik Sejersted)
(Rettsleg medhjelpar:
advokat Marius Kjelstrup Emberland)

sagd slik

O R S K U R D :

- (1) Ved Høgsteretts ankeutvals vedtak 14. oktober 2022, HR-2022-1988-U, vart anken frå Sia North Star Ltd over Borgarting lagmannsretts dom 13. juli 2022 i sak nr. 21-140840ASD-BORG/01 mot staten v/Nærings- og fiskeridepartementet tillaten fremja.
- (2) Den ankande parten – *Sia North Star Ltd* – har i prosesskriv 8. november 2022 sett fram følgjande krav:

«Fra ankende parts side provoserer fremlagt alle verbale noter eller andre offisielle skriv hvor én eller flere traktatparter eller andre organer på vegne av traktatparter gir uttrykk for én eller flere traktatparters syn på eller forståelsen av Svalbardtraktatens innhold eller bestemmelser. Tidsmessig begrenses provokasjonen fra og med 1958, dvs. det året Genèvekonvensjonen om kontinentalsokkelen ble inngått.»
- (3) Ankemotparten – *staten v/Nærings- og fiskeridepartementet* – har i prosesskriv 18. november 2022 vist til at det ikkje er grunnlag for å ta provokasjonen til følgje.
- (4) *Førebuande dommar* forstår kravet som eit krav om tilgang til prov. Ved «tvist om bevis» skal avgjerda takast ved orskurd, jf. tvistelova § 19-1 andre ledd bokstav d. Etter førebuaande dommars syn gjeld dette også der partane er usamde om det aktuelle materialet *er* prov.

- (5) Reglane om prov i tvistelova, inkludert reglane om tilgang til prov etter tvistelova § 26-5, gjeld «det faktiske avgjørelsesgrunnlaget i saken», jf. tvistelova § 21-1. Desse reglane gjeld ikkje det rettslege avgjerdsgrunnlaget.
- (6) Det rettslege avgjerdsgrunnlaget er derimot regulert av tvistelova § 11-3, som lyder slik:
- «Retten skal, innen de rammer som følger av § 11-2 første ledd, av eget tiltak anvende gjeldende rettsregler. Den skal i samsvar med § 1-1 sørge for et betryggende avgjørelsesgrunnlag for rettsanvendelsen. Dersom rettsanvendelsen ikke fullt forsvarlig kan belyses på annen måte, kan retten bestemme at det skal føres bevis om rettsspørsmål, eller tillate partene å føre slike bevis. Retten bestemmer omfanget av bevisføringen og hvordan den skal gjennomføres. Juridiske utredninger foranlediget av saken kan bare legges fram som bevis med samtykke fra alle parter.»
- (7) Kva som ligg i formuleringa «bevis om rettsspørsmål» er nærare omtalt i lovførearbeida, jf. NOU 2001: 32 B side 704:
- «Når det gjelder bevis om rettssetninger, er det grunn til å understreke at vanlig rettskildemateriale – dommer, forarbeider, litteratur etc. – i denne sammenheng tradisjonelt ikke har vært regnet som bevis. Dette er materiale partene fritt må kunne bruke i sin argumentasjon om rettsregler. Det ligger imidlertid begrensinger i partens mulighet for slik argumentasjon i rettens adgang til gjennom saksstyringen å konsentrere behandlingen om det som er av betydning. Egentlig bevisføring om rettssetninger blir det først når rettssetningene må utredes av personer med særlig sakkyndighet i dem, eller når det skjer vitneførsel eller annen innhenting av opplysninger om rettsoppfatninger eller annet som kan belyse eksistensen eller innholdet av en rettsregel.»
- (8) Kravet om tilgang til prov i saka her gjeld fråsegner som andre statar frå og med 1958 har gjeve om forståinga av innhaldet i Svalbardtraktaten. Dette er «bevis om rettsspørsmål» – som kan kaste lys over folkeretten – og ikkje prov om det faktiske grunnlaget i saka.
- (9) Dette inneber at kravet som er sett fram systematisk høyrer under tvistelova § 11-3, ikkje § 26-5, jf. mellom anna HR-2020-2153-U avsnitt 5 og HR-2013-2189-U avsnitt 6.
- (10) Ordlyden i tvistelova § 11-3 stiller ikkje opp ei plikt til å leggje fram prov om rettsspørsmål, slik tvistelova § 26-5 gjer for prov om det faktiske avgjerdsgrunnlaget. Ordlyden seier heller ikkje noko om at retten kan påleggje partane å leggje fram slike prov. Av lovførearbeida går det fram at det ikkje er noka plikt til provføring om rettsspørsmål, sjå NOU 2001: 32 B side 704–705. I Skoghøy, Tvisteløsning, 4. utgåve 2022 side 878 går det fram at retten ikkje kan påleggje partane å skaffe prov om rettsspørsmål.
- (11) Ankemotparten har såleis ikkje *plikt* til å leggje fram dei etterspurte dokumenta. Domstolen har heller ikkje grunnlag for å *påleggje* ankemotparten dette.

S L U T N I N G

Kravet frå den ankande parten blir ikkje teke til følgje.

Borgar Høgetveit Berg
(sign.)